

RÅD:	MØTESTAD:	MØTEDATO:	SAK NR.:
GAULAR SOKNERÅD	KYRKJELYDSHUSET	22.08.13	GSR 18/13 F (KL § 14)

Arkiv nr. : 008

SAK: DET LIVSSYNSÅPNE SAMFUNN. EN HELHETLIG TROS OG LIVSYNSPOLITIKK.

SAKSHANDSAMAR: Magna Lisbeth Lunde

SAKSDOKUMENT: NOU Noregs offentlege utredninger 2013:1
Det livssyns åpne samfunn. En helhetlig tros og livssyns politikk. (Heile høyringa ligg på <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/nouer/2013/nou-2013-1.html?id=711212>).
Del 1 Samandrag og hovedsynspunkter.
Del 2 Utvalets mandat og arbeid.
Uttale frå KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon sitt styre 6. mai 2013.
”Det livssyns åpne samfunn. En helhetlig tros og livssyns politikk (NOU 2013:1)”.

SAKSUTGREIING:

Regjeringa vedtok i statsråd 25 juni 2010 og setje ned eit utval med følgjande mandat:

”Utvalet skal foreta en gjennomgang av statens tros- og livssyns politikk og fremme forslag til endringer som kan bidra til å skape en mer helhetlig politikk på området”.

Utvalet skal ta utgangspunkt i at staten si fremste oppgave i trus- og livssyns politikken er å sikre og beskytte trus- og livssyns fridomen slik denne er forankra i internasjonale konvensjonar og internasjonal rett.

Mandatet legg til grunn at det framleis skal førast ein aktivt, støttande trus- og livssyns politikk innanfor râmene av sentrale prinsipp i det norske samfunnet som demokrati, rettsstat og menneskerettane.

I tillegg skal den tverrpolitiske kyrkjeforliksavtalen frå 2008 leggest til grunn.

Utvalet har i arbeidet sitt lagt til grunn følgjande 8 prinsipp for livssynspolitikken:

1. Tros- og livssynsfriheten beskyttes for alle.
2. Den enkeltes tros- og livssynspraksis må ikke krenke andres rettigheter og friheter.
3. Ikke-diskriminering: Staten må ikke utsette noen for usaklig eller uforholdsmessig forskjellsbehandling - på grunn av deres tros- eller livssynspraksis.
4. Det legges aktivt til rette for alle borgeres tros og livssynspraksis.
5. Likebehandling: Staten bør tilstrebe at enhver borger får - i prinsipp og i rimelig praksis - samme grad av støtte til sin tros- og livssynsutøvelse.
6. Statens aktive tros- og livssynspolitik må i sin utforming vurderes opp mot sentrale fellesverdier: Demokrati, rettsstat, menneskerettigheter, ikke-diskriminering og likestilling.
7. Organisert tros- og livssynsutøvelse som mottar statlig støtte, må forventes å vise vilje til åpenhet og vise annen tros- og livssynsutøvelse den samme respekt som en selv forventer og nyter godt av.
8. Alle bør akseptere å bli eksponert for andres tros- og livssynspraksis i det offentlige rom.

Når det gjeld dei ovannemnde prinsippa ynskjer kyrkjevevja å peika på at ein meiner at utvalet i konklusjonane sine, i for liten grad har vektlagt punkt nr. 5.

” Likebehandling: Staten bør tilstrebe at enhver borger får - i prinsipp og i rimelig praksis - samme grad av støtte til sin tros- og livssynsutøvelse”.

Ovannemnde vil vere eit moment kyrkjevevja vil vektleggje meir i si tilråding.

I kyrkjevevja si tilråding til vedtak er følgjande moment vektlagde:

- Den Norske Kyrkja si historiske rolle.
- Talet på medlemmar i DNK i høve til andre livs og trussamfunn.
- Samanlikning med dei ordningane som er i dei andre nordiske landa.
- Menneskerettskonvensjonane.

Ovannemnde høyringa er på meir enn 400 sider og er so omfattande at kyrkjevevja berre har vald ut nokre tema der ein vil gje uttale og det gjeld:

Kapittel 10 En framtidig tros- og livssynspolitik, ut over forutsetningene i kirkeforliket.

Kapittel 14 Livssynsåpne seremonirom.

Kapittel 15 Tros- og livssynsteneste i offentlige institusjoner.

Kapittel 17 Offentligrettslige funksjoner - tros- og livssynssamfunnenes vigselsmyndighet.

Kapittel 18 Gravferdsforvaltning.

TILRÅDING TIL VEDTAK:

INNLEIING.

Vi er positive til ei utgreiing der trus- og livssynspolitikken i Noreg vert vurdert. Trongen for denne gjennomgangen kjem m.a. av grunnlovsendingane i 2012. Med bakgrunn i at DNK er majoritetskyrkje og majoritetstru i Noreg er det viktig at soknerådet responderer på NOU 2013:1 - Det livssynsåpne samfunn. Respons på NOU 2013:1 er også viktig av den grunn at dei endringane som utvalet går inn for vil vere vesentlege for DNK, ikkje minst for DNK i distrikta.

KAPITTEL 10.

EIN FRAMTIDIG TRUS- OG LIVSSYNSPOLITIKK, UT OVER FORUTSETNINGANE I KYRKJEFORLIKET.

I dette kapitlet vil ein kommentere berre det som omhandlar kyrkjene.

Utvalet uttaler at DNK sjølve skal forvalte eigne bygg og eiga drift, slik dei gjer med økonomisk støtte i dag. Utvalet meiner at det framleis bør oppretthaldast ei ordning for statleg økonomisk støtte til verna og freda kyrkjebygg. Ei slik ordning bør vidareførast uavhengig av korleis forholdet mellom stat og kyrkje vert organisert. Støtte ordninga må også gjelde freda og verneverdige bygg som tilhøyrer andre trus- og livssynssamfunn enn DNK.

- DNK si historiske rolle.

DNK har meir enn 1600 kyrkjer og mellom desse finn vi mange av dei eldste bygningane i Noreg. Det er i dag ca. 1.000 kyrkjer i landet som er freda eller verneverdige. Vernestatus for desse kyrkjene er gjeve av Riksantikvaren og er ei offentleg markering av kyrkja sine kulturminneverdiar. Kyrkjene har mange stadar stor verdi for innbyggjarane sin tilhøyring, uavhengig av den enkelte sitt forhold til det som føregår inne i kyrkja. Ein syner her til Kulturutredninga 2014 (NOU 214: 4) som m.a. seier ”Kyrkjebygga finns i alle kommunar, og i mange av kommunane er kyrkja det eldste bygget”.

Konklusjon:

Med bakgrunn i kyrkjene sin kulturhistoriske verdi må staten ta det økonomiske ansvaret for at kyrkjebygga vert sikra og vedlikehaldne, og at det økonomiske verdien av dette ikkje vert rekna som eit tilskot til DNK.

Med bakgrunn i prinsippet om lik handsaming av alle, bør dette også gjelde freda og verneverdige bygg som tilhøyrer andre trus- og livssynssamfunn enn DNK.

Tiltak/områder som bør prioriterast i oppfølginga av innstillinga:

Vurdering av tilskot til freda og verneverdige bygg som tilhøyrer andre trus- og livssynssamfunn enn DNK.

KAPITTEL 14.

LIVSSYNSÅPNE SEREMONIROM.

Utvalet sitt mandat:

Vurdere kva plass religion og livssyn bør ha i ulike offentlege institusjonar bl.a. med omsyn til religiøs og livssynsmessig betjening, tilgang til bønne-/sermonirom, særleg krav til mat, klesdrakt osv.

Utvalet sine vurderingar:

Utvalet ser trongen for å etablere livssynsopne seremonirom i eit større og meir landsdekkande omfang enn det fram til no er gjort. Utvalet støttar kyrkjeforliket si oppfordring til eit forsterka kommunalt ansvar for etablering av egna sermonirom og bygg, tilpassa lokale forhold og lokale behov. Utvalet vil støtte stortinget si innstilling av at det enkelte lokalsamfunn som må finne løysingar i samarbeid mellom kommunen og dei aktuelle trus- og livssynssamfunna på staden. Det bør stillast krav til nye offentlege bygg som er ment som almenne forsamlingslokale, om at desse vert tilrettelagde slik at dei kan fungere som livssynsopne lokaler.

Når ein skal trekke ein konklusjon er følgjande forhold vektlagt:

- Talet på medlemmar i DNK i høve til andre livs og trussamfunn.

Eit livssynsoppe seremonirom er eit rom eller bygg som er utforma slik at menneske frå ulike trus- og livssynssamfunn kan nytte rommet til t.d. gravferd.

Etter kvar som det norske samfunnet endrar seg med eit meir omfattande trus- og livssynssamfunn er det naturleg at det vert tilrettelagt med livssynsoppe seremonirom. Trongen for egne livssynsoppe seremonirom er i dag størst i dei store kommunane, medan ein i distrikta ofte vil kunne få trongen dekkja med interkommunale løysingar.

Konklusjon:

Det vert i større grad lagt til rette for å etablere livssynsoppe seremonirom i eit meir landsomfattande omfang enn i dag. Det må vere kommunen i samarbeid med dei aktuelle trus- og livssynssamfunna som må vurdere behovet.

Det bør stillast krav til nye offentlege bygg som er ment som ålmenne forsamlingslokale, om at desse vert tilrettelagde slik at dei kan fungere som livssynsoppe lokalar.

Tiltak/områder som bør prioriterast i oppfølginga av innstillinga.

Krav i lovs form som pålegg stat, fylke og kommunar at nye offentlege bygg som er planlagt nytta som ålmenne forsamlingslokale, vert lagt til rette slik at dei kan fungere som livssynsoppe lokalar.

KAPITTEL 15.

TROS OG LIVSSYNSSTENESTE I OFFENTLIGE INSTITUSJONAR:

Utvalet sitt mandat:

Vurdere hvilken plass religion og livssyn bør ha i ulike offentlege institusjonar, blant annet med hensynet til religiøs og livssynsmessig betjening, tilgang til bønne- og seremonirom, særlege krav til mat, klesdrakt o.s.v.

DNK har i dag hovudansvaret for religiøs betjening i offentlege institusjonar d.v.s. fengsel, sjukehus, og forsvaret. Både forsvaret og nokre sjukehus har ordningar og prosjekt knytt til religiøs betjening. Når det gjeld offentleg sjukehus har dei i dag ikkje særskilte reglar for religionsutøving, noko som inneber at det er opp til kvart enkelt helseføretak. Alle helseføretaka har i dag presteneste.

KRIMINALOMSORG:

Fleirtalet i utvalet går innfor m.a. at det i Kriminalomsorga vert oppretta statleg finansierte stillingar frå andre trus- og livssynsretningar slik det vert gjort i Danmark og andre europeiske land.

Når ein skal trekke ein konklusjon er følgjande forhold vektlagt:

- Danmark og andre europeiske land si tilpassing til ei utvikling med stadig fleire innsette med eit anna trus- og livssyn.
- Fengselsreglar frå europarådet seier m.a. at så langt det lar seg gjere skal fengselsregimet tillate at dei innsette får praktisere sin religion og sitt livssyn.
- Talet på medlemmar i høve til andre livs og trussamfunn.

Av dei offentlege institusjonane har enkelte fengsel ein majoritet av innsette som ikkje er tilhøyrande DNK.

Konklusjon:

Eksisterande ordning med fengselsprest vert vidareført, men med stillingsstorleik tilpassa talet på innsette sitt medlemskap i DNK .

Det vert oppretta statlege finansierte stillingar slik som i Danmark og andre europeiske land for å ivareta innsette med andre trus- og livssynsretningar. Storleik på desse stillingane må tilpassast den enkelte institusjon sitt behov med omsyn til dei innsette sitt trus- og livssyn.

Tiltak/områder som bør prioriterast i oppfølginga av innstillinga:

Staten må arbeide med å leggje til rette for stillingar i fengsel som ivareteke dei innsette sine trus- og livssynsmessige behov når innsette ikkje er medlem av DNK.

OFFENTLEG SJUKEHUS:

Utvalet går inn for at den religiøse livssynsmessige tenesta ved sjukehusa vert endra, slik at den betre tek omsyn til anna tru og livssyn. Dette bør i hovudsak skje etter kvart som noverande sjukehusprestar sluttar i stillingane sine.

Utvalet føreslår ei overgangsordning der ein for ein periode legg inn ekstra løyving til sjukehusa, slik at ein kan rekruttere medarbeidarar til religiøse og livssynsmessig betjening frå eit breiare miljø i ein overgangsperiode. Inntil det vert fleire ledige stillingar etter sjukehusprestane.

Når ein skal trekke ein konklusjon er følgjande forhold vektlagt:

- Talet på medlemmar i høve til andre livs og trussamfunn. Majoriteten av pasientane vil i all hovudsak avspegle resten av det norske samfunnet.
- I det danske og svenske helsevesenet er dei fleste religiøse leiarane prestar frå majoritetskyrkjene i dei to landa.

Konklusjon:

Noverande ordning med sjukehusprestar held fram, men i tillegg vert det teke betre omsyn til pasientar med andre trus- og livssyn.

Tiltak/områder som bør prioriterast i oppfølginga av innstillinga:

Staten må arbeide med å leggje til rette for ordningar i sjukehusa som ivareteke pasientane sine trus- og livssynsmessige behov når pasientane ikkje er medlem av DNK.

FORSVARET:

Utvalet går inn for at det bør vere ein breiare religiøs og livssynsmessig samansetning i forsvaret.

Fleirtalet meier at det bør vere fast tilsette trus- og livssyns personell, men at det også bør tilsettast religiøse representantar frå andre religionar. Det bør også vurderast stillingar for livssynsrådgjevarar.

Når ein skal trekke ein konklusjon er følgjande forhold vektlagt:

- Den historiske koplinga mellom kyrkja og forsvaret, i tillegg til at dei framleis har ei særskilt tilknytning til DNK, både når det gjeld aktivitetar, institusjonar og bygningar.
- Talet på medlemmar i DNK og andre kristne trussamfunn hjå dei tilsette og soldatane.
- I Danmark og Sverige har forsvaret flest religiøse leiarar frå majoritetskyrkjene i dei to landa.

Konklusjon:

Noverande ordning med feltprestar held fram. I tillegg må det leggjast til rette for ei ordning som gjer at det vert teke omsyn til dei tilsette og dei soldatane som har eit anna trus- og livssyn.

Tiltak/områder som bør prioriterast i oppfølginga av innstillinga:

Staten må arbeide med å leggje til rette for ordningar i forsvaret som ivareteke soldatane og dei tilsette sine trus- og livssynsmessige behov når tilsette og soldatar ikkje er medlem av DNK.

KAPITTEL 17.

OFFENTLEG RETTSLIGE FUNKSJONER - TROS- OG LIVSSYNSSAMFUNNENES VIGSELSMYNDIGHET:

Utvalet sitt mandat:

Vurdere i hvilken grad trus- og livssynssamfunna skal utøve offentleg rettslege funksjonar og om det for eventuell utførelse av offentlege rettslege funksjonar bør stilles ytterligere vilkår om for eksempel antall medlemmer m.v.

Fleirtalet i utvalet går inn for at det vert innført ei felles ordning for sivil ekteskapsinngåing og at dette vert den beste sikringa av at alle ekteskap vert formelt sett riktig innført.

Ekteskapslova fastset i dag vilkåra for å kunne inngå ekteskap. Ekteskap kan enten inngåast ved borgeleg vigsel eller ved vigsel i eit trus eller livssynssamfunn. Ved begge desse typane vigsel vert ekteskapet gjeve dei rettslege verknadane som følgjer av ekteskapslova og anna norsk lovgjeving.

F.o.m. oktober 2004 overtok folkeregisteret prøving av ekteskapsvilkåra. Dette innebar ei overføring av vigsleren sine pliktar vederørande å sikre at det i henhold til gjeldande lov, ikkje er noko som er til hinder for at det kan inngåast ekteskap.

Mynde til å føreta vigsel i dag i trus og livssynssamfunn er prest i Den norske kirke, og prest eller forstandar i et registrert trossamfunn, eller seremoni leiar eller tilsvarande i livssynssamfunn som mottar tilskot.

Ordinert prest i DNK har rett til å føreta vigsel i kraft av si stilling. Dei andre som har rett til å foreta vigsel må ha ei godkjenning frå fylkesmannen.

Når ein skal trekke ein konklusjon vil følgjande forhold verte vektlagt:

- Kyrkjeleg vigsel har lange tradisjonar i Noreg.
- Alle dei nordiske landa har i all hovudsak den same ordninga for etablering av ekteskap som Noreg har. (Dette kjem m.a. av eit omfattande lovsamarbeid på området).
- Valfridom med høve for den enkelte til å kunne velje mellom borgeleg vigsel og vigsel i regi av trus- eller livssynssamfunn.
- Ein enklare, rimelegare og meir praktisk ordning ved at den offentleg rettslege vigsels handlinga går inn i det religiøse eller livssynsbaserte ritualet som trus- og livssynssamfunna står for.

Konklusjon:

Vidareføring av dagens ordning.

Tiltak/områder som bør prioriterast i oppfølginga av innstillinga.

Den offentleg rettslege verdien av prøving av ekteskapsvilkåra bør prioriterast, slik at ordninga vert følgd opp, og at ein såleis sikrar at vilkåra for at ekteskapet kan inngåast er tilstade.

KAPITTEL 18.

GRAVFERDSFORVALTNING:

Utvalet sitt mandat:

Utvalet skal vurdere plasseringa av både forvaltningsansvaret for gravplassane og gravplassrådgjevarstillinga.

Utvalet skal utrede rettsleg, økonomisk og administrative konsekvensar.

Utvalet ser føre seg fire alternativ for gravferdsforvaltninga framover:

1. Vidareføring av dagens ordning. Det vil seie at DNK framleis er ansvarleg for gravferdsforvaltninga.
2. Justering innanfor dagens ordning. Dette er ei endring som for eksempel kan innebere at staten vedtek at DNK v/fellesråda får eit samfunnsoppdrag. Men at klagesaker vert flytta frå bispedømmerådet til Fylkesmannen.
3. Kommunalt ansvar med lokal avtale fridom. Dette vert ei speilvending av dagens ordning. Den gjeldande Gravferdslov § 23 gjev forvaltningsansvaret til kyrkjeleg fellesråd, men slik at ein med departementet si godkjenning vil kunne føre dette over til kommunen. Ei endring vil innebere at ansvaret ligg hjå kommunen men med høve til å føre ansvaret over til fellesrådet.
4. Kommunalt ansvar med avgrensa lokal avtalefridom. Dette inneber at det frå sentralt hald er vedteke at kommunen sjølv er ansvarleg for utøving av alt mynde. I dette tilfelle vert prinsippet om at gravferdsforvaltninga er av ein slik art at den ikkje bør drivast av eit bestemt trus eller livssynsamfunn. Den enkelte innbyggjar må møte eit kommunalt organ t.d. ved rettleiing og inngåing av festekontraktar. Kommunen har høve til å nytte seg av eksterne aktørar til t.d. opparbeiding av graver.

Utvalet konkluderer med at det er punkt 4 som utvalet går inn for.

Gjennom Stålset utvalet sin utredning får ein innsikt i dei følelsane individ og trussamfunn utanfor DNK og har hatt gjennom tidene. Ein forstår også med bakgrunn i dei 8 prinsippa (jfr. saksutgreiinga) at DNK som trussamfunn ikkje automatisk skal ha den fellesoppgåva som gravplassane har.

Gravferdslova vart sist endra i 2011 med verknad f.o.m. 01.07.2012. Årsaka til endringa var å gjere dei som har ansvaret for gravferdsforvaltninga betre rusta til å ivareta dei ulike behova og ynskje ved gravferd.

Gravferd gjeld alle og er ei samfunnsoppgåve. Denne samfunnsoppgåva har DNK fått, og dei har denne oppgåva som samfunnsaktør ikkje som trussamfunn. DNK har hatt ansvaret for gravlegging i fleire hundre år, av di kyrkja var den første som var tilstades i samfunnet med ei form for "offentleg", etter at familiane overdrog meir av enkelt individet sitt ansvar til andre. Hovedomsynet i den noverande gravferdsforvaltninga, er respekt for den døde og dei etterlatne sitt trus- og livssyn.

I 2012 hadde 5 kommunar fått overdratt ansvaret for gravferdsforvaltninga. I tillegg har Oslo kommune hatt driftsansvaret for gravplassane.

Når ein skal trekke ein konklusjon er følgjande vektlagt:

- Mangfaldet i befolkninga må tilleggst mindre vekt når over 90 % av landet sine innbyggjarar vel kyrkjeleg gravferd. (I Gaular kommune nær 100 %)
- Eksisterande lovverk gjev høve til fleksibilitet i høve til valfridom i forvaltnings- og driftsformene for kyrkjegardane. I 2012 hadde 5 kommunar fått overdratt ansvaret for gravferdsforvaltninga. I tillegg har Oslo kommune driftsansvaret for gravplassane.
- Gravferdslova var endra f.o.m. 01.01.2012., ei endring som skulle innebere eit særskilt fokus på minoritetane sine behov. Jfr. Gravferdslova § 1, første punktum. ”Gravlegging skal skje med respekt for avdødes religion og livssyn”.
- Ei endring i samsvar med utvalet si innstilling vil innebere ei radikal endring av eksisterande ordning som har eksisterer i fleire hundre år. I mange lokalsamfunn vil det verte oppfatta som unaturleg, unødvendig og uforståeleg å endre på noko som er ei godt fungerande og tradisjonsfesta ordning.
- Endring i samsvar med utvalet si tilråding vil vere ei relativ kostbar endring.
- I alle dei nordiske landa har majoritetskyrkja ansvaret for gravferdsforvaltninga.

Konklusjon:

Vidareføring av dagens ordning. Det vil seie at DNK framleis er ansvarleg for gravferdsforvaltninga.

Tiltak/områder som bør prioriterast i oppfølginga av innstillinga.


For å sikre omsynet til mest mogeleg likebehandling bør det greiast ut om ei overføring av klagesaker bør flyttast frå bispedømmerådet til Fylkesmannen og at kyrkjegardskonsulent stillinga vert lagt under eit av departementa.

GAULAR SOKNERÅD SITT VEDTAK:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rett utskrift:

Sande: 22.08.13.



Magna Lisbeth Lunde
Kyrkjeverje

Kopi:

postmottak@kud.dep.no